

Barnevern

Kostradokument nr. 8

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under rammeområdet
Barnevern**

Oversikt over rammeområdet Barnevern

Barnevern - Budsjett pr. 1. tertial 2009

Funksjon/ Tenester	Tekst	Netto utg Rek- 07	Netto utg Rek-08	Br. utg. 1T 09	Inntekt 1T- 09	Fond 1T-09	Netto utg 1T-09
24400	Barnevernteneste	2 956	3 764	3 840	-101	0	3 739
24410	Barnevernteneste for flyktningar	235	271	254	-2	0	252
244	Barnevernteneste	3 191	4 036	4 095	-104	0	3 991
25100	Barnevernstiltak i familien	1 902	2 769	2 846	-5	0	2 841
25110	Barnevernstiltak i familien - flyktningar	185	188	260	0	0	260
251	Barneverntiltak i familien	2 088	2 957	3 106	-5	0	3 101
		0	0			0	
25200	Barnevernstiltak utanfor familien	2 683	3 737	4 212	-144	0	4 068
25210	Barnevernstiltak utanfor familien - flyktningar	11	12	0	0	0	0
252	Barneverntiltak utanfor familien	2 693	3 749	4 212	-144	0	4 068
		0	0			0	
Barnevern		7 972	10 742	11 413	-253	0	11 160

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift for barnevernet på 10,7 mill. kr. som er ein auke på knappe 2,8 mill. kr. (34,75 %) i høve til 2007.

I budsjett for 2009 er brutto utgift vurdert til 11,4 mill. kr. og det er vedteke ei netto utgiftsramme på 11,2 mill. kr. Dette utgjør 2,0 prosent av samla brutto utgifter i heradet.

Dette rammeområdet har 3 funksjonar og 6 aktive tenester.

Funksjonane er:

- 244 Barnevernteneste
- 251 Barneverntiltak i familien
- 252 Barneverntiltak utanfor familien

KOSTRA 2008

H. Barnevern nivå - 2	1238	Gj.snitt	Gj.snitt
Nokre utvalgte nøkkeltal	Kvam	gr 11	landet
Prioritering			
Netto driftsutgifter til sammen pr. innbygger (kr)	1.288	1.082	1.154
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	5.668	4.707	5.019
Netto driftsutgifter (f 244, 251 og 252) pr. barn i barnevernet	89.500	73.044	87.801
Dekningsgrader			
Barn med undersøkelse ift antall innb. 0-17 år, prosent	2,7	3,4	3
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	5,5	4,7	4,1
Produktivitet			
Brutto driftsutgifter per barn (f.244)	33.675	25.611	32.047
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk	23,1	23	19,2
Andel undersøkelser som fører til tiltak, prosent (f.244)	75	54,2	50,4
Brutto driftsutgifter per barn i opprinnelig familie (f.251)	33.682	25.787	31.751
Brutto driftsutgifter per barn utenfor opprinnelig familie (f.252)	242.625	224.631	227.943
Stillinger med fagutdanning per 1000 barn 0-17 år	2,6	2,5	2,7
Andel undersøkelser m. behandlingstid over tre måneder, prosent	13,6	19,1	14,3
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan, prosent	10	50	65

Funksjon 244 Barnevernsteneste

Funksjonen har 2 tenester;

24400 Barnevernsteneste

24410 Barnevernsteneste for flyktingar.

Teneste 24400 Barnevernsteneste

1. Økonomi

24400 - Barnevernsteneste

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	2 441	2 810	2 897
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>1 756</i>	<i>1 924</i>	<i>1 925</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	435	886	815
Tenester som erstattar eigenproduksjon	85	58	50
Overføringar til andre	55	128	78
Finansutgifter	-0	1	0
Sum utgifter	3 016	3 883	3 840
Overføringer med krav til motytelse	-59	-130	-101
Sum inntekter	-59	-130	-101
Netto utgiftsramme	2 956	3 753	3 739
Sum løn i høve sum utgifter	80,9 %	72,4 %	75,4 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på knappe 3,8 mill. kr. som er 0,8 mill. kr. (27,0 %) meir enn i 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 3,8 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 3,7 mill. kr. tilsvarande det rekneskapsmessige forbruket i 2008.

2. Aktivitet

Barnevernstenesta skal sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Lova skal og sikra at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Barnevernet handsamar saker der foreldra sjølve, barnehage/skule, helsesøster, naboar eller andre er bekymra for barnet sin situasjon. Tenesta har i overkant hundre saker i arbeid gjennom heile året. Ein tredel av sakene må reknast som komplekse, omfattande og innehar høg alvorgrad.

Alvorlege saker reknast når:

- foreldra ikkje maktar å gje omsorg p.g.a. manglande evne eller innsikt
- heimesituasjonen er prega av rus og/eller vold, og/eller psykiske problem
- born utsett for seksuelt misbruk frå vaksne eller born forgrip seg på born
- samlivsbrot med høgt konfliktnivå mellom foreldra gjer at borna blir svært skadelidande
- ungdomar viser åtferdsproblem, rus og/eller psykiske problem
- foreldra hiv borna ut or heimen og ber om at barnevernet overtek ansvaret

Barnevernstenesta i Kvam har barnevernsleiar og 3,8 stillingar for sakshandsamarar. For å ivareta ansvar for trygge oppvekstvilkår har barnevernstenesta, i tillegg til sakshandsamarar, ansvar for utekontakt - tenesta, ungdomsrådet og Kvam familiesenter. Familiesenteret yter tenester inn mot dei familieane som treng mykje rettleiing og tett oppfølging og der alternativet kan vera institusjonsplassering. I tillegg yter miljøarbeidarar tenester direkte inn i familiar det er behov for styrking av foreldreomsorga.

3. Endring av aktivitetar

Barnevernetenesta har vore med i *barn - og unge - teamet* i Kvam den siste tida. Det er eit samarbeidsopplegg mellom m.a. barnevern, helsesøster og PPT i lag med barnehage og skule. Målet er betre samordning av kommunale tenester og å fanga opp barn i risiko tidlegast mogeleg slik at rett tiltak kan setjast i verk for å hindra ytterlegare forverring av situasjonen. Tenesta mottek stadig fleire saker med lågare alvorgrad enn før, så det kan sjå ut til at dette samarbeidet verkar positivt, men det er framleis slik at dei fleste sakene er svært alvorlege før dei kjem til barnevernet.

Barnevernet har pr. i dag inga vaktordning. Erfaringa frå dei siste par åra tilseier at dette må vurderast på nytt. Tilsette ilag med politiet føler at det er behov for at barnevernstenesta er meir tilgjengeleg etter vanleg arbeidstid.

Det kan elles sjå ut til at det frå sentralt hald blir satsa endå meir på lokale løysingar for barn med store problem. Det vert meldt om nedbygging av institusjonar drivne av staten, noko som tilseier at kommunane i enda større grad enn no må finna bu - ordningar for born som ikkje kan bu heime. Kravet til auka kompetanse vil forsterkast.

Frå 1 juli 2009 er det kome ein del nye lovkrav til barnevernet. Dette gjeld m.a. krav til dokumentasjon og tilbakemeldingar som er forsterka, og retten til ettervern etter fylte 18 år er meir omfattande enn før. Dette er positivt for dei borna/familiane som får hjelp, samstundes som det fører til auka arbeid for sakshandsamarane.

Teneste 24410 Barnevernsteneste for flyktningar

1. Økonomi

24410 - Barnevernsteneste for flyktningar

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	235	248	254
herav fast løn (konto 10100)	179	186	188
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	0	1
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	23	0
Sum utgifter	235	271	254
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-2
Sum inntekter	0	0	-2
Netto utgiftsramme	235	271	252
Sum løn i høve sum utgifter	100,0 %	91,5 %	99,8 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,3 mill. kr. som er ein auke frå 0,2 mill. kr. i 2007.

Budsjettet for 2009 viser ei netto utgiftsramme på knappe 0,3 mill. kr. som er uendra i høve til rekneskapen for 2008.

2. Aktivitet

I det daglege arbeidet vert saker der flyktningar er involverte handsama på lik line med andre saker, men økonomisk vert dei skilde for å få rette tal til Kostra - rapporteringa.

Funksjon 251 Barnevernstiltak i familien

Funksjonen har 2 tenester;

25100 Barnevernstiltak i familien

25110 Barnevernstiltak i familien - flyktninger.

Teneste 25100 Barnevernstiltak i familien

1. Økonomi

25100 - Barnevernstiltak i familien

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	748	932	886
herav fast løn (konto 10100)	4	4	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	41	92	106
Tenester som erstattar eigenproduksjon	770	823	1 000
Overføringer til andre	649	929	854
Sum utgifter	2 208	2 776	2 846
Overføringer med krav til motytelse	-306	-7	-5
Sum inntekter	-306	-7	-5
Netto utgiftsramme	1 902	2 769	2 841
Sum løn i høve sum utgifter	33,9 %	33,6 %	31,1 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift for heradet på 2,8 mill. kr. som er ein auke på 0,9 mill. kr. (45,6 %) i høve til 2007.

Budsjettet for 2009 har ei netto utgiftsramme på 2,8 mill. kr. som tilsvarer det rekneskapsmessige forbruket i 2008.

2. Aktivitet

Storparten av barnevernet sitt arbeid omhandlar hjelp til born som bur heime med foreldra. Formålet er å støtta foreldra til å klara omsorgsoppgåva. Barnevernet skal, når barnet på grunn av forholda i heimen eller av andre grunner har særleg behov for det, setja i verk hjelpetiltak. Hjelpa som barnevernet tilbyr barnet/familien, er frivillig og foreldra står fritt til å takka ja eller nei til hjelpa.

Eksempel på hjelpetiltak kan vera: heimebaserte tiltak/familierettleiing og miljøarbeid, avlastningsheim, barnehage, SFO, fritidsaktivitetar, økonomisk støtte, støttekontakt osv.

Barnevernet har plikt til å gripa inn dersom ein ser at hjelpetiltak ikkje nyttar. Dersom foreldra og barnet har motstridane interesser, er det barnet sine interesser som er det avgjerande.

Plikt til å gripa inn inntreff når:

- Barnet på grunn av forholda i heimen eller av andre grunner har særlig behov for det
- Det er alvorlege manglar ved den daglege omsorga som barnet får, eller ved den personlege kontakt og tryggleik som det treng ut frå sin alder og utvikling
- Foreldra ikkje syter for at eit sjukt, funksjonshemma eller spesielt hjelpetrengjande barn får dekkja sitt særlege behov for behandling og opplæring
- Barnet blir mishandla eller utsett for andre alvorlege overgrep i heimen.
- Når det er truleg at barnet si helse eller utvikling kan bli alvorleg skadd fordi foreldra er ute av stand til å ta tilstrekkeleg ansvar for barnet.
- Barnet har alvorlige åtferdsvanskar
 - ved alvorleg eller gjentatt kriminalitet
 - ved vedvarande misbruk av rusmidlar
 - eller på annan måte

Blir barnevernet kjent med slike forhold som nemnt ovanfor, har det plikt til å gjera nærare undersøkingar.

Mange av borna som får hjelp av barnevernet, har samansette problem og det er mange instansar inne for å hjelpe barnet og familien.

3. Endring av aktivitetar

Dei tilsette i barneverntenesta brukar mykje tid på å finna eigna personar til ulike oppdrag, som støttekontakt, avlastningsheimar, tilsynsførarar og ikkje minst miljøarbeidarar.

Pr i dag er dei miljøarbeidarane som er tilsette i barnevernet, inne i korte oppdrag og dei får ikkje god nok oppfyljing. Arbeidet som dei gjer, vert ikkje såleis godt nok kvalitetssikra. Sakshandsamarane nyttar mykje tid på å finna personar som er villig til å ta på seg slike engasjementjobbar. Det må vurderast å tilsetja miljøarbeidarar i faste stilingar. Det vil kosta noko meir, men da vil ein til ei kvar tid har personar som kan utføre oppdrag. Det vil også blir eit kvalitetsmessig betre arbeid ved at dei tilsette vil bli ein del av eit fagmiljø og kan ta i mot jamleg rettleiing.

Barnevernstenesta ser at det er eit behov for å gje meir informasjon ut i kommunen om barnevernet. Dette arbeidet bør på sikt tildelast meir ressursar.

Teneste 25110 Barnevernstiltak i familien - flyktningar

1. Økonomi

25110 - Barneverntiltak i familien - flyktningar

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	93	120	160
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	3	0
Tenester som erstattar eigenproduksjon	19	8	10
Overføringar til andre	82	66	90
Sum utgifter	194	197	260
Overføringar med krav til motytelse	-8	-8	0
Sum inntekter	-8	-8	0
Netto utgiftsramme	185	188	260
Sum løn i høve sum utgifter	48,0 %	61,0 %	61,5 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 0,2 mill. kr. som er uendra frå 2007.

Budsjettet for 2009 viser ein auke i netto utgift med knappe 0,1 mill. kr. til 0,3 mill. kr.

2. Aktivitet

I det daglege arbeidet vert saker der flyktningar er involverte handsama på lik line med andre saker, men økonomisk vert dei skilde for å få rette tal til Kostra - rapporteringa.

Saker der barnevernet jobbar opp mot flyktningar eller framand språklege er monaleg noko meir arbeidskrevjande. Dette heng saman med språkbarrierar, det tek tid å bruka tolk, kulturforskjellane er ofte store og mange treng mykje forklaring omkring det norske samfunnet og lovverket for å forstå kva rolle barnevernet har og korleis me kan hjelpa dei.

Funksjon 252 Barnevernstiltak utanfor familien

Funksjonen har 2 tenester;

25200 Barnevernstiltak utanfor familien

25210 Barnevernstiltak utanfor familien - flyktingar.

Teneste 25200 Barnevernstiltak utanfor familien

1. Økonomi

25200 - Barnevernstiltak utanfor familien

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 014	1 275	1 368
Varer og tenester til eigenproduksjon	285	435	384
Tenester som erstattar eigenproduksjon	1 266	1 201	1 510
Overføringar til andre	365	964	950
Sum utgifter	2 929	3 874	4 212
Overføringar med krav til motytelse	-247	-137	-144
Sum inntekter	-247	-137	-144
Netto utgiftsramme	2 683	3 737	4 068
Sum løn i høve sum utgifter	34,6 %	32,9 %	32,5 %

Rekneskapan for 2008 viser ei netto utgift på 3,7 mill. kr. som er ein auke med 1,0 mill. kr. (39,3 %) i høve til 2007.

Budsjett for 2009 har ei netto utgiftsramme på 4,1 mill. kr. som er ein auke på 0,3 mill. kr. (9,1 %) i høve til rekneskapan for 2008.

2. Aktivitet

Ved årsslutt 2008 var 10 born plasserte utanom heimen. Av desse er 4 under omsorg (vedtak i fylkesnemda), 6 er frivillig plasseringar i fosterheim eller institusjon. Ein ungdom mottek ettervernstiltak etter fylte 18 år. Før ordninga med Familiesenteret hadde Kvam langt fleire born i tiltak utanfor heimen.

Det er fyrst når førebyggjande tiltak ikkje fungerer at det kan vera aktuelt å plassera barnet/ungdomen utanfor heimen. Dette kan skje med eller utan foreldra/ungdomen sitt samtykke. Barnevernlova skisserer 6 ulike plasseringsalternativ;

§ 4-4 5.ledd - frivillig plassering – korttid - ikkje permanent omsorgssituasjon

§ 4-6 Midlertidig vedtak i akuttsituasjon. Dersom barnet kan verta skadd ved å bli verande i heimen, skal barnevernleiar umiddelbart fatta vedtak om å plassera barnet utanfor heimen.

- § 4-12 Barnevernet tek over omsorga for barnet. Langtidsperspektiv
- § 4-24 Plassering og tilbakehalding i institusjon utan eige samtykke på grunn av alvorleg kriminell åtferd, rusmisbruk eller på anna måte Fylkesnemds behandling
- § 4-25 Akutt plassering, barnevernleiar fattar midlertidig vedtak om 4-24
- § 4-26 Tilbakehalding i institusjon på grunnlag av samtykke frå ungdomen

Å ta frå foreldra omsorga for barnet deira skjer berre i heilt spesielle tilfelle. Det er eit stort inngrep både overfor foreldra og barnet, og det skal vera alvorlege og omfattande grunnar til for å fatta eit slik vedtak. Barneverntenesta si rolle er å førebu saka, og det er det statlege organet fylkesnemnda som gjer vedtak i saka. Det er store kostnader i samband med ei slik sak både i samband med rettsmøte og ikkje minst i samband med eventuell plassering av barnet. Slike saker er vanskeleg å budsjettera, ei plassering kjem fort opp i millionbeløp. Lengda på plasseringa har betydning når ein vel plasseringsstad. Reiseavstand dit barnet blir plassert påverkar og kostnaden med plasseringa.

Frå staten si side, BUFETAT, opplever kommunen at det er stort fokus på kva kommunen må klara å handtera sjølv av utfordringar i samband med born som treng ein plass å bu. Staten har bygd ned institusjonsplassar, og tal fosterheimar er for få i høve til behov og etterspurnad. Dette medfører at kommunen må finne løysingar sjølv. Dette er eit tidkrevjande arbeid og pr. i dag er ikkje barneverntenesta godt nok rusta til å gjera dette arbeidet på ein fagleg tilfredstillande måte. Ungdomar som burde vore i eit familietiltak/fosterheim og liknande må flytta på hybel, og oppfyljinga som lokalt barnevern klarer å gje ungdomen er ikkje god nok på grunn av mangel på ressursar og kvalifiserte personar til oppgåva. Kravet til auka kompetanse vil forsterkast i åra som kjem.

3. Endring av aktivitetar

Kvam heradsstyre vedtok å halda fram med Familiesenteret i møte 12.05.2009. Dette ser vi som ei svært god løysing for mange familiar. Det er likevel ei utfordring nemnt over i dei sakene der ungdomar burde vore i familietiltak/fosterheimar, men i mangel av nok slike, må ungdomane flytta på hybel. Barnevernstenesta saman med NAV/sosialtenesta må vurdere korleis det kan etablerast andre buformer enn kommunen kan tilby i dag. Ungdomar som ikkje kan bu heime, treng bustad med døgntilsyn, og eit slikt tiltak må vurderast oppretta i Kvam.

Teneste 25210 Barnevernstiltak utanfor familien - flyktningar

1. Økonomi

**25210 - Barnevernstiltak utanfor familien -
flyktningar**

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	5	0	0
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	0	0
Overføringar til andre	5	12	0
Sum utgifter	11	12	0
Overføringar med krav til motytelse	0	0	0
Sum inntekter	0	0	0
Netto utgiftsramme	11	12	0
Sum løn i høve sum utgifter	49,6 %	0,0 %	#DIV/0!

2. Aktivitet

Som nemnt over vert arbeid med saker der flyktningar er involverte handsama på lik line med andre saker, men økonomisk vert dei skilde for å få rette tal til Kostra - rapporteringa.

Saker der barnevernet jobbar opp mot flyktningar eller framand språklege er monaleg noko meir arbeidskrevjande. Dette heng saman med språkbarrierar, det tek tid å bruka tolk, kulturforskjellane er ofte store og mange treng mykje forklaring omkring det norske samfunnet og lovverket for å forstå kva rolle barnevernet har og korleis me kan hjelpa dei.

Det har vore og er truleg ei utfordring å finna eigna fosterheimar for flyktningar. Barneverntenesta har pr. i dag ingen flyktningar som er plasserte utanfor heimen der kommunen har omsorga for barnet.